

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v. Regionstyret	Møtested Låven på Brennabu, Vaset, 2960 RØN	Møte dato 24.06.2020
---------	-----------------------------------------	---------------------------------------------------	-------------------------

Sak nr :

RS 31-/-20 Kommunikasjonsgruppa for E16 – nytt mandat

Bakgrunn

Regionstyret drøfta i sitt møte 29. mai det arbeidet som har vore gjort i Kommunikasjonsgruppa for E16 (KG) der konklusjonen var: Dagleg leiar legg fram ei RS-sak med oppdatert mandat og der tre ordførarar deltek, men alle har møterett.

I same møte vart Vegforum E 16 drøfta. Innlandet fylkeskommune har ikkje kapasitet til å ta leiaransvaret for Vegforum E16, men dei ynskjer å delta. I debatten om Vegforum E 16 vart det konkludert slik: Ansvar for førebuing av møter i Vegforum E16 kan leggest til kommunikasjonsgruppa. Dette blir ein del av saka i drøftingssak 2. (Drøftingssak 2 var KG).

Saksutgreiing

Notat av 29. mai om KG og Notat av 29.mai om Vegforum E16 gjer greie for arbeidet i KG og Vegforum E16. Desse 2 notata og Regionstyrets konklusjon i møte 29. mai ligg til grunn for denne saka.

KG vart oppretta i 2017 etter saksframlegg frå dagleg (leiar) i VNK. Kommunikasjonsgruppas mandat: (Vedtak RS 101-/-17)

1. Regionstyret set ned ei arbeidsgruppe med fyljande mandat: Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Regionstyret nemner opp fyljande gruppe: Vidar Eltun, (leiar)Erik Engelién, (nestleiar) Guttorm Tysnes, (medlem) Lene Hovi, (kommunikasjonsansvarleg) Jørund Ødegård Lunde /Arne Bang, (medlem er sekretariat).
3. Arbeidsgruppa rapporterer til Regionstyret

Regionstyret ga utvida mandat for arbeidsgruppa: (RS RS 5-/-18)

1. Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Bidra til at E16 blir fullført i tråd med Regionstyret sine vedtak. Herunder: Legge til rette for arbeid med oppfølging av Vegdirektoratets handlingsprogram 2018-29 (23) – arbeide mot statsbudsjettet dei ulike åra, slik at våre prosjekt blir prioritert.
3. Arbeidsgruppa skal rapportere til Regionstyret.»

Gruppa fekk ansvaret for å følgje opp Fullføringsplan med følgjande vedtak RS sak 71-/-18:

1. Regionstyret slutter seg til det framlagte utkast til arbeids- og framdriftsplan for E16 gjennom Valdres.
2. Regionstyret ber «Kommunikasjonsgruppa for E16» følgje opp planen, og legge fram endringsforslag og andre viktige spørsmål for regionstyret.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Låven på Brennabu, Vaset, 2960 RØN	24.06.2020

Vegforum E16 har hatt som mandat å følge opp og være pådrivar for planleggingsprosessar og utbygging av E16 i Oppland.

Vegforum E16 har sidan starten i 2005/2006 vore leia av fylkesordfører/leiar av samferdselsutvalet, medan Statens vegvesen har i vareteke sekretariatsfunksjonen.

Vurdering

Regionstyret vurderte dette i sitt møte 29. mai - der det vart konkludert slik:

1. KG: Dagleg leiar legg fram ei RS-sak med oppdatert mandat og der tre ordførarar deltek, men alle har møterett.
2. Vegforum E 16: Ansvar for førebuing av møter i Vegforum E16 kan leggest til kommunikasjonsgruppa. Dette blir ein del av saka i drøftings sak 2. (Drøftings sak 2 var KG).

Dagleg leiar legg derfor fram justert framlegg til mandat for KG slik:

Regionstyret gjev Kommunikasjonsgruppa for E16 (KG) fyljande

mandat:

1. Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Bidra til at E16 blir fullført i tråd med Regionstyret sine vedtak og regionstyrets «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres» og her under
 - a. Legge til rette for arbeid med oppfølging av Nasjonal Transportplan (NTP) 2022 – 2033.
 - b. Arbeide mot Vegdirektoratet sin handlingsprogram og dei årlege statsbudsjetta slik at våre prosjekt blir prioritert.
 - c. Ved behov legge fram endringsforslag til «Fullføringsplanen for E16», som er det politiske fundament for KG sitt arbeid.

Regionstyret ber «Kommunikasjonsgruppa for E16» følge opp «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres», og legge fram endringsforslag og andre viktige spørsmål for regionstyret

3. Førebu møter mellom Valdresordførarane, Statens Vegvesen, Innlandet fylkeskommune, representant(ar) for transportnæringa og øvrig næringsliv i Valdres. Møta skal erstatte tidlegare Vegforum E16 og ha som formål å følge opp og være pådrivar for planleggingsprosessar og utbygging av E16 gjennom Valdres.
4. Arbeidsgruppa skal rapportere til Regionstyret.

Medlemmer:

5. Regionstyret nemner opp fyljande medlemmer i KG: Vidar Eltun, leiar, Haldor Ødegård, medlem, Knut Arne Fjelltun, medlem, Guttorm Tysnes(NLF), medlem, Eivind Brenna(Visit Valdres),medlem, Lene Hovi, medlem og

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Låven på Brennabu, Vaset, 2960 RØN	24.06.2020

kommunikasjonsansvarleg og Jørund Ødegård Lunde /Arne Bang, medlem og sekretariat.

6. Alle ordførarane har møterett i alle møta i KG. I møta, jf. pkt. 3 Vegforum E16, blir alle ordførarane invitert og er medlemmer.

Framlegg til vedtak:

Regionstyret gjev arbeidsgruppa, Kommunikasjonsgruppe E16 (KG) fyljande

mandat:

1. Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Bidra til at E16 blir fullført i tråd med Regionstyret sine vedtak og regionstyrets «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres» og her under
 - a. Legge til rette for arbeid med oppfølging av Nasjonal Transportplan (NTP) 2022 – 2033.
 - b. Arbeide mot Vegdirektoratet sitt handlingsprogram og dei årlege statsbudsjetta slik at våre prosjekt blir prioritert.
 - c. Ved behov legge fram endringsforslag til «Fullføringsplanen for E16», som er det politiske fundament for KG sitt arbeid.

Regionstyret ber «Kommunikasjonsgruppa for E16» følge opp «Fullføringsplan for E16 gjennom Valdres», og legge fram endringsforslag og andre viktige spørsmål for regionstyret

3. Førebu møter mellom Valdresordførarane, Statens Vegvesen, Innlandet fylkeskommune, representant(ar) for transportnæringa og øvrig næringsliv i Valdres. Møta skal erstatte tidlegare Vegforum E16 og ha som formål å følge opp og være pådrivar for planleggingsprosessar og utbygging av E16 gjennom Valdres.
4. Arbeidsgruppa skal rapportere til Regionstyret.

Medlemmer:

5. Regionstyret nemner opp fyljande medlemmer i KG:
Vidar Eltun, leiar, Haldor Ødegård, medlem, Knut Arne Fjellton, medlem, Guttorm Tysnes(NLF), medlem, Eivind Brenna(Visit Valdres),medlem, Lene Hovi, medlem og kommunikasjonsansvarleg og Jørund Ødegård Lunde /Arne Bang, medlem og sekretariat.
6. Alle ordførarane har møterett i møta i KG. I møta, jf. pkt. 3 Vegforum E16, blir alle ordførarane invitert og er medlemmer.

Vedtak:

sign.

Utskrift sendt til